

NYHETER SKOLE HEIDAL SEL BARN OG UNGDOM

## Prosjekt får sekssifra beløp i støtte: - Veldig glad for det



Kjersti Myrhagen er lærer ved Heidal skule og prosjektleiar for kunstprosjektet 'Ti år på Heidal skule' Foto: Arkiv/Solrun S. Snillsberg

Av Solrun S. Snillsberg

Publisert: 12.12.22 02:11

Del

– Vi er veldig glad for det. Det betyr alt for prosjektet at vi har ei finansiering, og at vi har ein forutsigbarheit, seier prosjektleiar Kjersti Myrhagen.

### For abonnenter

Myrhagen er lærer ved Heidal skule og prosjektleiar for kunstprosjektet «Ti år på Heidal skule». Nå har prosjektet fått 500.000 kroner i støtte frå Sparebankstiftelsen DNB.

– Vi er ikkje fullfinansiert, men det hjelper veldig, seier Myrhagen.

Prosjektet har eit totalt budsjett på drygt tre millionar kroner over ti år.

### I femte klasse

Prosjektet er eit kunstprosjekt der ti forskjellige kunstnarar følgjer ei skuleklasse i periodar gjennom alle ti åra i grunnskulen. Kunstnarane arbeider med egne prosjekt og involverer klassa i arbeidet.

Elevane i klassa som er med i prosjektet går nå i femte klasse.

– Nå har vi ein ny kunstnar, Anna Simond Gudmundsdottir frå Harpefoss. Ho målar, og driv med stor format. Elevane driv nå med måling. Elevane har bedt om det sjølv. Dei byrjar å få egne idear. Dei har akkurat starta opp med måling nå, fortel Myrhagen.

I vår bevilga KORO (Kunst i offentlige rom) midlar til ein dokumentarfilm om prosjektet.

- Veldig artig, det er eit nytt element, tykkjer Myrhagen.

### Blir forska på

Kulturtanken ved forskings- og utviklingsavdelinga skal forskje på prosjektet.

Biletkunstnar og forfattar Lotte Konow Lund har skrivne om prosjektet for Kulturtanken og har gjennom samtalar med kunstnarane, elevane, foreldra og andre involverte fått eit blikk inn i kunstprosjektet. Kulturtanken vil følge opp dette materialet og sjå på kva slags betydning prosjektet kan ha for den enkelte elev, for skulen og for lokalsamfunnet.

– Kanskje kan dette bli relevant for fleire, seier Myrhagen, og legg til at prosjektet har eigen heimeside.

Ho opplyser at prosjektet har fått støtte frå Sparebankstiftelsen DNB ein gong tidlegare. I tillegg har prosjektet fått støtte frå Kulturrådet, KORO og daverande Oppland Fylkeskommune/DKS Oppland.

Les mer om: [Nyheter](#) [Skole](#) [Heidal](#) [Sel](#) [Barn og ungdom](#)